

A-laget med treninger både i Bergen og her heime

20.01.2007



Håvard Sætrevik: - Det er ein fin gruppe med uskedelingar i den ungdomsgjengen som no kjem opp på A-lagsnivå.

Håvard Sætrevik vart nyleg tilsett som hovudtrenar for A-laget til Rosendal/Uskedal som komande sesong skal spela i 4.divisjon. Den fotballspelende Grenda-redaktøren har solid erfaring med seg inn i trenaroppgåva. Han har tidlegare trent same laget både i 04- og 05-sesongen. Dessutan har han vore kaptein på dette laget, i tillegg til at han har erfaring frå både kapteins- og trenaroppgåver i Stordklubben Solid.

Den travle bladmannen legg ikkje skjul på at han ikkje kunne ha teke på seg denne oppgåva utan at han hadde hatt eit solid team å samarbeida med. Jostein Mehl og Leif Sverre Enes vert hjelpetrenarar, og uskedelingen Svein Arild Kjærland vert oppmann.

På spørsmål om han har gjort seg nokre tankar om utsiktene for laget i den føreståande sesongen, fortel han at spelarstallen på mange måtar er litt to-delt. – Til saman har vi mange namn på blokka. Vi har ein gjeng på 6 – 8 spelrarar, hovudsakleg studentar, som held til i Bergen, medan resten av laget trenar her heime. Han fortel at det er mange unge og lovande spelrarar i den gruppa som trenar heime, og han ser svært positivt på at rekrutteringa er såpass god. Bergengjengen har to treninger i veka saman med spelrarar frå Odda og Øystese. Det er leigt treningstid på kunstgrasbane, og Odda har leiaransvar på treningane.

- Det er ei utfordring å setja saman desse to gruppene til eitt lag. Grunntanken er å få heim spelarane til fellestreninga i helgane. Då er det viktig å bruka tid på samspel av laget. Derfor må vi og ha mange nok treningskamper før seriealfvoret startar. Det er ei utfordring, ja, men det skal vera spennande å sjå kva vi klarer å få til, fortel den nytilsette trenaren.

Vi synest det har vore tynt med uskedalsnamn i lagoppstillinga dei siste sesongane, og spør korleis utsiktene er når det gjeld dette for komande sesong.

- I den ungdomsgjengen som kjem opp på A-lagsnivå no, har vi og ei fin gruppe med uskedelingar. I farten nemner han namna til Simen Raudstein, Jørgen Moberg og Anders Bakke Berntsen. Lovande unggutar som trenaren reknar med kan få prøva seg i A-lagssamanheng denne sesongen. Ein annan uskedeling, Yngve Myhre, som har vore fast på laget, vert nok ikkje å sjå i den kvite og svarte drakta dette året. Han skal ha turnusteneste i samband med fysioterapiutdanning i Kvam så han kjem nok til å spela for Øystese.

I serieopninga er det duka for eit skikkeleg lokaloppgjer. Laget opnar nemleg mot det nye samabeidslaget Halsnøy/Trio 2. Då er det å håpa at samspelet er på plass til denne kampen. Tre poeng hadde vore ein flott start på sesongen!

Av Thor Inge Døssland